
Saksnr: 2020/71396-8
Saksbehandlar Matti Torgersen, Jorunn-
Elisabeth Stavø
Dato: 03.11.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Askøypakken - Status og moglegheit for vidareføring av pakken

Bakgrunn

Dette notatet inneholder ein kort status for Askøypakken og omtale av strategi for å kunne realisere ein større del av dei resterande prosjekta i pakken.

Askøypakken vart vedteken i Stortinget gjennom Prop. 197 S (2012-2013). Bompengeinnkrevjinga starta opp i hausten 2014 og skal avsluttast i 2028. Pakken omfattar ti prosjekt og tiltak i tillegg til ei ramme til kollektivtrafikktiltak. Finansieringa er basert på fylkeskommunale midlar og bompengar.

Fleire av prosjekta har vist seg å vere meir kostnadskrevjande enn det som opphavleg vart lagt til grunn, og trafikken er blitt lågare enn forventa. Med auka elbildel har også gjennomsnittstaksten i pakken blitt redusert. Takstnivået har heller ikkje vore justerte dei seinare åra. Ut i frå dette har det ikkje vore mogleg å finansiere alle tiltaka i porteføljen.

Status for prosjekt i Askøypakken

Kartet under viser prosjekta i pakken.



Ei rekke tiltak er fullførte. Dette gjeld:

- Fv. 563 Florvåg - Erdal (Fv. 563 Bakarvågen)
- Fv. 212 Lindhaugen- Slettebrekka
- Fv. 562 Strusshamnkrysset
- Fv. 216 Skansen (Kleppe)

Følgjande prosjekt er under realisering.

- Fv. 563 Strømsnes - Hop er under bygging, og er venta ferdig i løpet av vinteren 2020/21. På den 3,3 kilometer lange strekninga skal vegen utvidast, og det skal kome nytt fortau langs hele strekninga i tillegg til to nye bruer.
- Fv. 562 Lavik-Haugland vil bli lyst ut ved årsskiftet, og venta oppstart er sommaren 2021. Prosjektet strekk seg over 3,4 kilometer, delvis med utbetring av eksisterande veg og delvis heilt ny veg. Det blir bygd ny gang- og sykkelveg langs heile strekninga.
- Fv. 213 Skiftesvik-Marikoven starta med bygging av ny veg i midten av oktober 2019. På den 1,4 kilometer lange strekninga skal vegen utvidast, og det vil komme nytt fortau langs eksisterande veg. Avkjørsler skal samlast til felles avkjørsler, og det skal byggast ny bru attmed eksisterande bru ved Pøyla.

Det er elles avsett ei ramme som er øyremerkt for kollektivtiltak.

Det er for tida tre prosjekt som ikkje er starta opp grunna manglende finansiering. Dette er:

- Fv. 212 Slettebrekka-Hetlevik er planlagt med ein ny 2,4 kilometer lang veg, der dei siste 600 metrane mot Hetlevik går i tunnel.
- Fv. 562 Fromeide-Kjerrgården er planlagt med utviding av 2,5 kilometer av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Brua over Fromeidstraumen er planlagd utvida.
- Fv. 562 Fauskanger sør er planlagt med utbetring av 1 km av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga.

Gjenståande midlar i Askøypakken

Med dagens takstnivå vil kostnadsramma måtte bli justert ned til ca. 1660 mill. 2020-kroner. Med denne ramma vil det ikkje vere mogleg å finansiere nokre av dei resterande prosjekta i pakken, og ingen av dei tre nemnte gjenståande prosjekta i porteføljen vil kunne starte opp.

Som nemnt er takstnivået i Askøypakken ikkje justert dei seinare åra. Gjennomsnittstaksten i dagens pakke er på 12,70 kr. Det vil vere mogleg å heve takstane opp til den gjennomsnittstaksten som er fastsett i stortingspropositionen. I 2020-kroner er denne på 15,25 kr. Dette vil medføre ein auke i takstgruppe 1 frå kr 29 til 36 kr. Dette vil kunne gje ei ramme på om lag 1 848 mill. 2020-kr, altså ein auke på om lag 188 mill. kr. Det har førebels ikkje vore vurdert som ønskjeleg i Askøy å auke takstnivået.

Av dei gjenståande prosjekta har det særleg vore ønskjeleg å finansiere fv. 212 Slettebrekka-Hetlevik. Kostnadssparande tiltak på prosjektet er vurderte. Sjølv med ein takstauke slik det er skissert ovanfor, er prosjektet ikkje fullfinansiert med dei gjenståande midlane i pakken og ut i frå tilgjengeleg kunnskap. Prosjektet er planlagd slik at det ikkje er mogleg å byggje berre delar av prosjektet.

Forlenging av bompengerperioden

Askøy kommune gjorde 2. november 2017 vedtak om å forlenge innkrevjingstida med 5 år for å kunne gjennomføre alle prosjekta i Askøypakken.

Fylkestinget gjorde m.a. følgjande vedtak ved handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet 12. desember 2017:

«For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeidd med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpende og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.»

Før regionreforma hadde dåverande region vest i Statens vegvesen ansvar for å utarbeide fagleg grunnlag for Askøypakken. Det vart utarbeida eit fagleg grunnlag for pakka som vart sendt til Vegdirektoratet til kvalitetssikring.

I brev av frå Samferdselsdepartementet 20. mai 2019 om Nye retningslinjer for porteføljestyrt bompengepakkar gjekk det m.a. fram at forlenging av innkrevningstid ikkje lenger er eit aktuelt verkemiddel for porteføljestyrt bompengepakkar. Askøypakken er ein porteføljestyrt bompengepakke.

Etter det fylkesdirektøren kjenner til, vart arbeidet med å utarbeide eit fagleg grunnlag stogga av Vegdirektoratet hausten 2019 grunna dei nye retningslinene. Det er likevel aldri kome eit formelt brev som stadfestar at forlenging av Askøypakken ikkje er mogleg.

Etter regionreforma frå 1. januar 2020 vart ansvaret for å utarbeide søknader for bompengepakkar på fylkesveg overført til fylkeskommunane.

Det vil vere mogleg å sende inn søknad om forlenging av Askøypakken med 5 år, i tråd med tidlegare vedtak. Fylkesrådmannen antar at søknad vil bli avslått med grunngjeving i dei nye retningslinene for porteføljestyrt bompengepakkar.

Revidert Askøypakke

Eit anna alternativ kan vere å starte opp med å førebu ein revidert bompengepakke for Askøy der resten av porteføljen samt nokre nye tiltak blir innarbeidd i pakka. Dette er gjort for Bømlopakken som nyleg er oversendt til departementet etter kvalitetssikring i Vegdirektoratet .

Ein revidert Askøypakke vil krevje eit lokalpolitisk prinsippvedtak om oppstart av arbeid med eit fagleg grunnlag.

Integrering i byvekstavtale

I reforhandla byvekstavtale står det m.a:

Eventuell integrering av andre bompengepakkar og bompengeprosjekt i avtaleområdet må verta avklåra ved neste revisjon, i 2021. Dette må i så fall godkjennast av det enkelte kommunestyre.

Det er dermed ei klår forventning frå staten si side om at diskusjonen om integrering av bompengepakkar kjem opp ved neste reforhandling. Det er starta opp ein prosess for handlingsprogrammet til Miljøloftet og bruk av post 30-midlane (midlar til gang, sykkel og kollektivtiltak). Dei sistnemnte midlane kjem eventuelt i tillegg til kollektivmidlane i Askøypakken.

Konklusjon

Det er etter fylkesrådmannen si meining behov for å få endeleg avklara om det vil vere mogleg å forlengje dagens Askøypakke med 5 år. Som nemnt er det aldri blitt stadfesta skriftleg at dei nye retningslinene for bompengeprosjekt ikkje tillèt forlenging av pakken. Fylkesrådmannen legg difor opp til å sende ein formell søknad om forlenging av pakken til kvalitetssikring i Vegdirektoratet.

Om ein slik søknad blir avslått, meiner fylkesrådmannen det vil vere naturleg å auke takstnivået i dagens Askøypakke for å kunne finansiere ein større del av porteføljen. Vidare vil fylkesrådmannen rå til å starte drøftingar med Askøy kommune om å utarbeide ein revidert pakke med fleire prosjekt. Parallelt med dette må det gjennom dei nye byvekstforhandlingane bli vurdert om det er aktuelt å integrere ein revidert Askøypakke i ein felles bypakke for Bergensområdet.